

Lily Allen deprimert

TREKKER SEG: Lily Allen (22) er til behandling for depresjon, og har også trukket seg fra sin opptreden på Isle Of Wight-festivalen i juni. – Jeg tror den stakkars jenta har sine problemer. England lager noen gode kvinnelige sangere/låtskrivere, men de ser ikke ut til å være i stand til å gjennomføre løpet, sier festivalarrangør John Giddings til efestivals.co.uk. (NTB)



NY HAUGEN-SAMLING: En av nestorene i norsk poesi, Paal-Helge Haugen, gir ut ny diktsamling. Diktsamlingen «Kvartett 2008» lanseres 10. mars og forlaget Cappelen Damm melder om ei omfangsrik, ambisiøs og oppsiktsvekkende samling. Utgivelsen byr på 300 sider med nye dikt fordelt på fire bøker; «Gs bok», «Dantes oske», «Passasje» og «Visum». Bøkene har slektskap og henger på en måte sammen, samtidig kan de leses uavhengige av hverandre. (NTB)



DANS: Dei 13 profesjonelle dansarane har neppe hatt maken til danseunderlag som i Svandalen: Snø.

ammels i Sauda

som aldri før er sett her i regionen. Etter å ha sett gårdsdagens premiere, var talefossen gått i stå. Miller, som sjølv hadde ideen til ei framsyning som kopla dansarar med skiløparar, fann nesten ikkje ord.

I Sauda har heile bygda gått saman om å få på plass ei framsyning rogalendingar aldri har sett maken til. Her har proffar, amatørar, frivillige, unge og gamle i ei tradisjonell industri- og skibygd langt inne i ein fjord i Ryfylke stabla på beina ei framsyning som både er moderne, abstrakt og nyskapande – samtidig som ho spelar på noko så lokalt og typisk Sauda som fjell, snø og skisport. Mot Himlaleite! er både lokalt og globalt på ein gong, det er både tradisjonsrikt og moderne. Og så koplur det saman dei to tradisjonelle motsetnadene natur og kultur på ein måte som knapt kunne blitt gjort nokon annan stad enn nettopp i Norge. Og kanskje særleg på Vestlandet.

NATUR: Nordmenn, og særleg

I Sauda har heile bygda gått saman om å få på plass ei framsyning rogalendingar aldri har sett maken til.

protestantiske vestlendingar, har eit forunderleg forhold til natur. Og til nyting. Ein kan liksom ikkje setja seg ned og slappa av med godt samvit før ein har slite seg litt ut, men til gjengjeld skal nytinga liksom vera ekstra stor når ho er velfortent. Dette spelar også Mot Himlaleite! på. Aldri før har så mange menneske gått opp skibakkane i Svandalen som i går; ein tur gjennom naturen med utsikt til industribygda langt der nede, til industrikulturen.

Me som gjekk fekk opp både puls og temperatur, og gjorde oss slik fortente til å nyta. Dei som tok trekket levde opp til den andre norske klisjeen: Me er fødte med ski på beina, og

slik tar me oss også fram mot himlaleitet, staden der jord og himmel møtest og går over i kvarandre. På vegen frå toppen av trekket og inn til Djuvbotn begynner det å bli surrealistisk og lett naturstridig. Ikkje bare er 850 menneske på veg opp på fjellet, 600 meter over havet, mens sola er på veg ned. Nei, midt i den kvite naturen står det plutselig eit mannskor, ei teatergruppe, eit trekkspelelag og ein gjeng som dansar line-dance til kôntrimusikk i snøen.

SAMANSMELTING: Den definitive samansmeltinga av natur og kultur skjer ikkje før me er komne inn på sjølve amfiet, der tribunen er av snø, scenen er av snø, og fjellveggen som reiser seg mot oss er like kvit. Den kalde vinterlufta blir plutselig fylt av fuglekvisper. Snøen blir malt lilla av lys. Og inn kjem blandakoret Sonor frå Sauda, proffe dansarar og musikarar, i flotte kostyme.

Så blir snøen gjort om til dansescene. Koreografane Anne

Grete Eriksen og Leif Hernes i Dansdesign hadde også ansvaret for opnings- og avslutningsseremonien under OL på Lillehammer, og det kan ein for så vidt sjå. Men så begynner det altså formeleg å regna skiakrobatar gjennom lufta, så halsbrekkande at det går stadige gisp gjennom publikum. Heile tida blir den kvite fjellveggen fylt av 3-dimensjonale lysbilete, flammor står høgt til vers høgt til fjells, og heile fjellmassivet der bak, i himlaleite, blir lyst opp i ein kulisse så mektig at ein knapt har sett maken.

Lydbiletet er abstrakt, elektronika kopla saman med akustiske instrument. Moderne og abstrakt er også dansen og det fantastiske lyset som blir projisert mot snøen. Her er dermed ikkje enkelt å seia nøyaktig kva som skjer eller kvifor. Men som visuell og estetisk oppleving, er dette heilt sjeldant. Og tilgjengeleg som bare det.

Sauda har strekt seg. Til himmels.

jan.zahl@aftenbladet.no

Glitrande Petrenko

Symfonikonsert

Stavanger symfoniorkester.
Stavanger Konserthus torsdag 6. mars.
Publikum: fullt hus.
Program: 1 time 45 min med pause.
Dirigent: Vasily Petrenko.
Solist: Henning Kraggerud, fiolin.

Strålende musisering

Rasmus Reed tekst

RUSSISK: Det unge russiske dirigentfantomet Vasily Petrenko hadde valt eit reint russisk program for sin første konsert med Stavanger med symfoniorkester i går kveld, og han viste frå første taktslag at dette ville bli ein konsert utanom det vanlege.

Alt som tenåring vart han engasjert til å dirigere kjende russiske orkester, og i dag feirar han triumfar over alt der han opptrer.

I går var det den mektige 3. symfonien til Rakhmaninov som vart presentert på ein måte som vil bli hugsa lenge. Symfonien er full av kontrastar der den spenner frå det intime, kammermusikalske til dei heilt store dramatiske utladingane, nydelege solistiske passasjar vekslar med fulltonande tuttiparti i eit dramatisk vekselspel som er gripande frå start til slutt.

Solistane i orkesteret gjorde ein strålende innsats, og tuttipartia var så balanserte og kontrollerte som berre ein førsteklasses dirigent kan få dei.

Petrenko modellerte den kompliserte musikken, skapte form og heilskap i det detaljrike partituret og fekk orkesteret til å framstå som ein klangjuvel, og musikken vart levande, plastisk og engasjerande. Dette var Stavanger Symfoniorkester på sitt aller, aller beste. Måtte vi snart få Petrenko tilbake på podiet i Stavanger!

Også før pause var det stor musisering. Først med ei stemningsfull tolking av det impresjonistiske Den forheksa innsjøen av den nå ukjende Anatoly Liadov, og deretter eit av standardverka til ein av hans elevar, Sergej Prokofjev, hans første fiolinkonsert der Henning Kraggerud var glimrande solist.

Kraggerud er kjent for stavangerpublikum frå mange besøk tidlegare, forventningane er store når han kjem på podiet, og han skuffa ikkje. Det var stor begeistring i salen, og som om ikkje den krevjande fiolinkonserten var nok, kvitterte han for trampeklapp med eit halsbrekkande, for ikkje å seie fingerknekkande ekstranummer av den belgiske fiolinvirtuosen Ysaye.

Orkesteret med Petrenko i spissen følgde flott opp i ei strålende konsertoppleving.